

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Uttale til NOU 2009:18 Rett til læring

NOU 2009:18 "Rett til læring" er ute på høyring med svarfrist 27. november. Sogn og Fjordane SV ynskjer å kome med følgjande merknader:

Opplæringslova kap 5 heimlar i dag born og unge sin rett til spesialundervisning og opplæring. Det er positivt at NOU 2009:18 foreslår auka vektlegging av born og unge sin rett til læring. Positivt er det også at det no vert lagt vekt på tidleg innsats og førebygging for born og elevar med særlege behov. Barnehage- og skuleeigar må ha plikt til god oppfølging i høve til born og elvar si utvikling, læring og læringsmiljø. Rett til ekstra tilrettelegging av opplæringsa når born og unge ikkje har eit tilfredstillande læringsutbytte må vere ei sjølvstendig målsetjing for skule og barnehage.

I NOU 2009:18 vert det slått fast at PP-tenesta skal vere tett på barnehagar og skular og ha god kompetanse på læringsmiljø, problemåtføring og samansette lærevesen. Det vert også foreslått å etablere eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta og deira samarbeidspartnarar. Dette kompetanseutviklingsprogrammet skal få økonomiske ressursar ved at ein kuttar frå 145 til 30 stillingar og slår saman regionale sentra. Konkret for vår fylke vil det seie at framlegget er å leggje ned Statped Vest avd. Nord på Sandane i Gloppen kommune.

Ut frå våre røynsler med SAMTAK-reforma på slutten av 1990-talet, vil ikkje dette framlegg føre til kompetanseoppbygginga av PP-tenesta. Ved SAMTAK-reforma kutta ein 300 statlege stillingar, med målsetting om at desse stillingane skulle bli overført til kommunane. Etter at øyremerkinga av pengane tok slutt, syntet det seg over tid at det er skjedd lite som utvikla PPT-kontora, og det kom lite nye økonomiske ressursar. Det vil vere betre å halde på ei organisering med gode spesialisttenester som er med å gje styrke til det arbeidet PPT-kontora i kommunane har med elevar som har heilt spesielle og samansette lærevesen. På den måten vil ein halde på den nasjonale spisskompetansen som regionkontora representerer i dag.

Sogn og Fjordane SV vil peike på at Gloppen kommune i dag vertskommune for Statped Vest avd. Nord. Avdelinga arbeider mykje med samansette lærevesen og vert såleis i NOU 2009:18 forslått nedlagt i si noverande form. Vårt inntrykk er at dagens organisering fungerer godt. Statped Vests avdeling på Sandane har eit stabilt og levande fagmiljø. Dei har opparbeidd seg godt lokal kjennskap i til fagpersonell og samarbeidspartnarar i dei to fylka; Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane, som dei har ansvar for. Statped Vest avd. Nord yter god hjelp til PPT-kontor, barnehagar, barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular over heile Nordvestlandet. Dersom Statped Vest avd. Nord vert teke vekk vil det for Sogn og Fjordane vere det føreslegne regionsenteret i Bergen som skal yte kompetanse og hjelp i kompliserte (lavfrekvente) saker.

Det er foreslått at bemanning ved dei regionale sentra kring i landet skal gå ned frå totalt om lag 145 til 30. Etter ei slikt kutt i stillingar seier det seg sjølv at eit fagmiljø i Bergen vert lite, og at ein vil ha problem med å gje eit godt tilbod til elevar frå heile Vestlandet. For Sogn og Fjordane vert det store geografiske avstandar for å kome til spesialkunnskapen og langt færre enn i dag til å yte spesialisttenester. Framlegga i "Rett til læring" vil gje ein sentraliserande effekt, sjølv om tanken er at dei fleste (høgfrekvente) tilboda skal gjevast lokalt.

Forslaga i "Rett til læring" vil også gje kommunane eit endå større ansvar for læring og opplæring enn i dag. Vi trur at resultatet vert ein meir pressa situasjon på mange skular, og ikkje at elevar med særskilte behov får betre tilbod og læringssituasjon. Det er vår påstand at ved denne omorganiseringa av tenestene så står vi i fare for at dei aller svakaste elevane med samansette læreanskar vil vere dei som taper mest. Det er også urovekkjande om ein risikerer at denne type tunge samansette læreanskar skal bli gjort usynleg.

For vår region er dei 14 stillingane som i dag er lokalisert ved Statped Vests avdeling på Sandane viktige. Dei eit framifrå døme på kor godt det kan fungere la tunge kompetansmiljø vekse fram i distrikta. Fagmiljøet på Sandane har vekse fram gjennom tre tiår. Dei oppfyller regjeringa sine målsetjingar om å statlege kompetansearbeidsplassar i distrikta, utanfor dei store byane. Med avdelingar i Stavanger, i Bergen og på Sandane vert Vestlandet dekkja på ein god måte.

I dag er Statped Vest avd. Nord samlokalisert saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt Studiesenter Sandane. Høgskulen i Sogn og Fjordane tilbyr her mastergradstudium i spesialpedagogikk. Utvikling av og utnytting av felles kompetanse har gjennom mange år gjeve eit betre kunnskapsnivå mellom tilsette i PPT, i skular, i barnehagar og på institusjonar på store deler av Nordvestlandet. Ei vidare nedbygging av Statped Vest vil svekke tilgangen på nødvendig kompetanse i vår region.

Sogn og Fjordane SV ber om at desse innspela vert med i den vidare handsaminga av NOU 2009: 18 Rett til læring.

Heidi-Kathrin Osland
Fylkesleiar i Sogn og Fjordane SV